

Bjørn Fjeld
Leitevegen 11
5357 FJELL

Dato: 23.05.2017
Vår ref.: 2015/10280-35
Saksbehandlar: anjsetr
Dykkar ref.:

Grunneigarvarsel - endra tidspunkt for oppstart av arkeologisk registrering - fv. 555 Austefjorden-Kolltveit, Fjell kommune

Vi viser til tidligare grunneigarvarsel frå mai 2017 i samband med maskinell registrering med gravemaskin i samband med planarbeid for fv.555 – Austefjorden-Kolltveit, Fjell kommune.

I samråd med tiltakshavar i saka, Fjell kommune, og etter tilbakemeldingar frå råka grunneigarar vil dei arkeologiske registreringane knytt til maskinell sjakting i område bli utsatt til etter sommaren. Vi ber om ein tilbakemelding om tidspunktet for slått og beite i dei aktuelle område, slik at vi kan forsøke å tilpasse våre registreringar.

Registreringane med metalldetektor er delvis utført i uke 20 og vil bli gjort i forkant av undersøkingane med maskin.

Dersom areal blir pakta bort, eller det er andre brukarar av arealet som blir råka av undersøkingane våre, ber vi om at grunneigar orienterer desse. Før gjennomføring av maskinelle undersøkingar vil fylkeskommunen innhente opplysningar om røyr og kablar i dei aktuelle areala. Om ein kjenner til private leidningar og anna som graven ned i dei aktuelle areala er vi takksame for opplysningar om slike.

Tiltakshavar, Fjell kommune, er ansvarleg for eventuelle avlingstap, skader eller ulemper som følgje av registreringane. Fylkeskommunen si arkeologiske registrering er planlagt på grunnlag av dei kart vi har motteke frå tiltakshavar.

Tilbakemelding om tidspunkt for slått og beiteaktivitet kan sendast til Hordaland Fylkeskommune, Fylkeskonservatoren v/ feltkoordinator Anja N. Sætre, Anja.Nordvik.Saetre@hfk.no eller per tlf. 55 23 99 98. Dersom ein har andre spørsmål eller merknader til den arkeologiske registreringa, er ein velkommen til å ta kontakt.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Anja Nordvik Sætre
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.